

nr. 5 - 2014

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular

Europeisk matteleik

Gråtass barnehage lærer om vatn og geometri i friluft, og utvekslar så erfaringar med barnehagar i sju andre europeiske land.

TEKST: TORDIS MARIE ESPELAND
FOTO: GRÅTASS BARNEHAGE

UT OG LEITE:

Borna og dei tilsette i Gråtass barnehage har blant anna leita etter geometriske figurar ute i naturen i løpet av prosjektperioden.



Europeisk matteleik

- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

I teateret møter borna ofte ei anna verd enn den dei lever i til dagen. Dei møter menneske med alle slags eigenskapar og personlegdomar, menneske med ulike meiningar og haldningar, sinte, triste og glade menneske, menneske frå ulike samfunnslag og kulturar og menneske med vanskar som dei prøver å finne ein veg ut av.

Eg trur at møta mellom teateret og born opnar opp auga deira for at verda er større enn dei sjølve og dei næraste omgivnadene deira.

Eg trur at teateret på sitt beste bidreg til at borna blir meir tolerante, og at det kan vere med på å utvikle empatien deira. Det er viktig.



Terje Lyngstad, teatersjef ved Sogn og Fjordane Teater

OPE SINN: – Å delta i eit slikt prosjekt handlar om å dela erfaringar og få ei auka forståing for andre måtar å gjera ting på, seier avdelingsleiar Kjetil Fremstad.



Sidan hausten 2012 har heile barnehagen vore engasjert i det europeiske Comenius-prosjektet Science + Maths + Outdoor Learning fortel Kjetil Fremstad, avdelingsleiar i barnehagen i Fredrikstad.

Gråtass barnehage har om lag førti tilsette som jobbar med nærare to hundre born, og i prosjektet samarbeider dei med barnehagar og førskular frå Italia, Estland, Belgia, Spania, Sverige, Danmark og Tyrkia. Målet er å utvikla kunnskap om korleis aktivitetar ute kan auka interessa for matte og naturvitskap. Prosjektet skal munna ut i både e-bok og film om vatn og geometriske figurar.

– Det handlar om å dela erfaringar og få ei auka forståing for andre måtar å gjera ting på. Men det er også ei bevisstgjerjing av det me allereie gjer. Matte og naturvitskap finst jo i rammeplanen vår, og det internasjonale samarbeidet blir implementert i kvardagen.

Fremstad ser likevel at deltakinga fører til nye aktivitetar.

Aukar kvaliteten

I den norske barnehagen har blant anna minusgrader og vinter blitt brukt til å eksperimentera med.

– Me undrar oss saman med borna. Så langt har me blant anna farga vatn, laga is og ikkje minst laga snø ved å kasta kokande vatn opp i lufta. Me har også sett på geometriske former i naturen. Det gjeld å ta på dei rette brillene. Så ser ein plutselig at me er omgitt av symmetri i stein, tre, lys-opningar, bark og kongler, til dømes, seier Fremstad.

Samarbeidet inneber dessutan at barnehagane skal jobba med det same temaet samtidig.

– Eit eksempel er planen for mars, då me skal ha om speil og skal vera ute. Denne dagen skal alle barnehagane starta på likt tidspunkt. Me filmar og tek bilete undervegs. Så vil me dela erfaringar og sjå kor ulikt me tenker.

Jo meir input og lærdom dei tilsette får, jo meir aukar kvaliteten på barnehageaktivitetane, under-

strekar den pedagogiske leiaren.

Løfta blikket

Det var styrar Christina Andersson som fekk barnehagen med i det europeiske samarbeidet.

– Me lever i eit fleirkulturelt miljø og reiser ut i verda av mange ulike grunnar. Då er det viktig å løfta blikket og sjå utover vårt eige samfunn. Dessutan er me fleirkulturelle både blant born og vaksne i barnehagen vår. Å auka forståinga og toleransen for kvarandre er sentralt.

Til no har samarbeidet ført til studieturar til Gøteborg, Jylland, Madrid og Leuven i Nederland. I januar møttest deltakarane i Parma i Italia, og før sommaren skal dei også vitja Tyrkia og Estland.

– Korleis går det når folk frå åtte ganske ulike land skal samarbeida, blant anna om å laga felles e-bok og film?

– Det hadde jo vore utfordrande også om det var åtte norske barnehagar som skulle samarbeida. Skal det gå bra, må me bli kjende med kvarandre. Studieturane er både arbeidsturar og sosiale treff. I tillegg samarbeider me digitalt. Heldigvis er det superhyggelege folk, men to år er i kortaste laget for eit så stort prosjekt, meiner Fremstad.

Nyansert diskusjon

– Reint personleg har deltakinga rokka ved verdiane mine, og slik er det også med dei verdiane me jobbar etter i barnehagen; me får meir nyanserte diskusjonar med kjennskap til andre kulturar, påpeiker Fremstad.

– Korleis får alle tilsette i ein så stor barnehage eigarskap til prosjektet?

– Fem av åtte ulike avdelingar i barnehagen er med i prosjektgruppa. Når nokon har vore på



GEOMETRI: Gråtass-borna tvinnar tråd og lagar figurar på gjerdet ved inngangen til barnehagen.

studietur til eit partnerland, deler dei erfaringane med dei andre tilsette. Me skriv dessutan om aktivitetane på ein eigen blogg.

I tillegg er kosebamsen Reifefot med på studieturane, og fortel deretter borna kvar han har vore.

Også styrar Christina Andersson understrekar kor viktig det er at alle partar i barnehagen får ta del i det som skjer i og under prosjektet.

– Då blir det lettare å bruka kunnskapen i det daglege arbeidet med borna.

Leik og læring

Om norske barnehagar allereie leikar mykje utandørs samanlikna

med andre land, er det andre erfaringar å ta med seg heim.

– Til dømes ser me at barnehagen i Madrid har lite uteareal, noko som fører til mindre kropplege utfordringar for borna. Til gjengjeld utnyttar dei budsjetta sine godt, og dei er kreative i bruken av materiale som eigentleg ikkje er leiker, fortel Fremstad.

– Den belgiske barnehagen har meir skule, mindre frileik, og har ein lærar og assistent fordelt på 25 born mellom tre og fem år. Då er det å koma seg ut eit mål i seg sjølv.

Fremstad synest det verkar som om borna har

større respekt for tinga rundt seg, i fleire av samarbeidslanda enn det norske born har.

– Noko eg også har lagt merke til, er samspelet mellom lærar og born. Dei fleste tilsette er utdanna lærarar og har eit enormt nærvær når dei snakkar med borna.

No skal Kjetil Fremstad og dei andre i barnehagen tenka på korleis dei kan bruka e-boka og filmen til å inspirera andre barnehagar. Kanskje kan fleire born bli interes-

Saka er tidlegare publisert på nettsidene til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)

Les om korleis du kan søke støtte gjennom Erasmus+ til denne typen prosjekt:

<http://www.siu.no/Grunnskole-og-barnehage/Erasmus-for-skole-og-barnehage/Strategiske-partnerskap>

VENNEPÅSKE/KLASSETJUVEN

Bente Bratlund
Mangschou



Kva gjer ein når nokon stel i klassen? Kvifor vil nokon gjere seg til tjuv? Og kva skjer når Emma blir veldig god veninne med den nye jenta i klassen, Amalie? Var det ikkje Hanna og Emma som skulle vere gode venner?

Dette er femte boka som Bente Bratlund har skriva om dei to veninnene, Hanna og Emma. I bøkene er det alltid to lettleste og fine historier. Grafisk blir historiene skilde ved at dei startar frå kvar sin ende av boka. Det gjer at begge leseopplevingane blir som nye, og sterke fargar og illustrasjonar skil også historiene frå kvarandre.

Bøkene til Bratlund handlar om kvardagslege utfordringar, om vennskap, om vanskelege kjensler. Det er ikkje så lett å forstå at Silje stel frå klassevennene sine fordi foreldra skal skilje seg. Det er heller ikkje så lett å forstå at den nye jenta i klassen, Amalie, plutselig blir perlevenn med Emma, Emma er jo besteveninna til Hanna, eller er det ikkje slik lenger?

Mange av desse kjenslene og opplevingane kan vere vanskelege å setje ord på, og dei kan skape avstand mellom vennene og mange vanskelege samtalar og situasjonar. Mange av borna vil lett kjenne seg att i desse problema og korleis vennene klarere å løyse dei.

Bøkene passar best for dei mellom seks og ni år.

Judith Sørhus Litlehamar



Leik – tull og fjas eller fag og kulturskaping?

Eg har undra meg på om nokre av dagens politikarar er redde for at barn leiker i barnehagen?

På nyåret tok Kristin Vinje til orde for at det kanskje er best å starte i skulen som femåring – fleire politikarar i Høgre og Arbeidarpartiet kalla dette for «eit spennande forslag». Berre SV og KrF sa tydeleg i frå at senka skulestart ikkje er aktuell politikk.

Vi må ikkje «formalisere» bort leiken – det vil ikkje gi barn betre utdanning. Det finst leikprega pedagogikk – og det finst leik som berre har eitt formål; at barn sjølv skal være i lag og gjere det dei synest er mest moro. Begge delar må det vere plass til i barnehagen – ikkje minst den siste forma for leik.

«Leik er barn si uttrykksform» seier mange av mine barnehagelærer-kollegaer. Og dei finn støtte for ei slik forståing både i teori og i erfaring frå barnehagen. Om vi skal ta dette på alvor, så er leiken like



RAGNHILD LIED,
LEIAR I UTDANNINGS-
FORBUNDET

viktig som å lære seg å uttrykke seg munnleg og skriftleg. Leik er rett og slett «grunnleggjande ferdigheit» for ein femåring.

Men dette betyr ikkje at ein barnehagelærer ikkje har ei pedagogisk oppgåve. Gode relasjonar mellom barn og mellom barn og vaksne kjem ikkje av seg sjølv. Og om leiken er ei yttingsform, så treng han innhald. Barnehagen må syte for varierte faglege og kulturelle erfaringar som barn kan ta med seg inn i leiken og omskape

på sitt eige vis.

Ei av kjeldene til rikare leik er barnekultur – ei anna er gode naturopplevingar. Som lærar i gym og matte veit eg å sette

pris på læring som inspirerer til kreativitet og leik. Me må vise fram korleis barnehagen balanserer mellom den leikprega pedagogikken og leik som barn si eiga verksemd. Dei to formene for leik inspirerer kvarandre – men er ikkje dei same. Og det krevst kunnskapsrike lærarar for å handtere denne balansen i femåringen sin kvardag. Eg trur det er barnehagelæraren som har den kunnskapen som trengs for at barn skal få utvikle leiken som yttingsform.

for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no